

---

**Fra:** Christian Hagerup Reinshol  
**Sendt:** onsdag 3. oktober 2018 15:46  
**Til:** Terje Eknes  
**Kopi:** grete@stagrurn.no; Kristin Schübeler Nielsen  
**Emne:** SV: Snekkeviken utvikling - reguleringsplanen - grønnfaktor  
**Vedlegg:** Tilbakemelding undervegsmateriale for reg.plan Snekkevika (394769....docx)

Hei Terje,

Beklager at dette tar noko tid, eg skal slutte i Lindås kommune denne månaden og blir difor prioritert på mange andre oppgåver. Ny sakshandsamar for planen vil bli Kristin Nielsen som var med på møtet hjå Statens vegvesen.

Men eg har no sett gjennom planframlegget og har laga til eit notat med tilbakemeldingar på det tekniske i framlegget. Når det gjeld dette med utnytting som me har prøvd å få avklart både politisk og med andre regionale aktørar, så tar eg ikkje stilling til dette no, då dette må inngå i den ordinære handsaminga av planen. Vurderinga no baserer eg på det som de legg fram i planframlegget.

Generelt så tenker eg at det er gjort mange gode grep her ut i frå korleis de ser for dykk utbygginga, men eg har nokre innspel/krav i høve korleis planframlegget kan verte meir komplett. Spesielt vil eg trekke fram krav om enkel VA-rammeplan (krav i VA-forskrift), innspel om vurdering av byggegrenser og kva som evt kan etablerast utanfor desse, krav til trafikkisikring, ROS i høve bekk gjennom området. Eg har bedt Kristin om å ta ein kikk på materialet ved anledning, så det kan vere ho har nokre innspel som eg ikkje har fanga opp her.

Håper dette er ei ok tilbakemelding og gi meg ein lyd om det skulle vere noko. Eg er oppteken med skrivefrist ut veka, så send meg ein epost om de ikkje når meg på telefon.

Med helsing,

**Christian Hagerup Reinshol** | Arealplanleggar

**E-post:** [Christian.Reinshol@lindas.kommune.no](mailto:Christian.Reinshol@lindas.kommune.no) | **Telefon:** +47 56 37 56 62  
**Kundesenter:** +47 56 37 50 00 | **Heimeside:** [www.lindas.kommune.no](http://www.lindas.kommune.no)



---

**Fra:** Terje Eknes [<mailto:terje@eknesas.no>]  
**Sendt:** mandag 1. oktober 2018 14.30  
**Til:** Christian Hagerup Reinshol  
**Kopi:** [grete@stagrurn.no](mailto:grete@stagrurn.no)  
**Emne:** SV: Snekkeviken utvikling - reguleringsplanen - grønnfaktor

Hei

Har du fått sett på vårt forslag.

Skal i møte med styre i morgon. Det hadde vært fint å få en foreløpig tilbakemelding før det.

Terje Eknes

97556335

---

**Fra:** Christian Hagerup Reinshol <[Christian.Reinshol@lindas.kommune.no](mailto:Christian.Reinshol@lindas.kommune.no)>

**Sendt:** onsdag 5. september 2018 09.19

**Til:** Terje Eknes <[terje@eknesas.no](mailto:terje@eknesas.no)>

**Kopi:** [grete@stagrums.no](mailto:grete@stagrums.no)

**Emne:** SV: Snekkeviken utvikling - reguleringsplanen - grønnfaktor

Hei Terje,

Beklager, eg har knapt vore på kontoret siste veka så eg ligg langt etter på å få svart alle epostar.

Men me har ikkje noko krav om berekning av grøn faktor for reguleringsplanar nei. Det er kun i områdeplanen for Knarvik sentrum me har krav på det per no.

Neste veke har eg endeleg litt blanke dagar i kalenderen, så eg kan få sett over framlegget då om de ynskjer det.

Med helsing,

**Christian Hagerup Reinshol** | Arealplanleggar

**E-post:** [Christian.Reinshol@lindas.kommune.no](mailto:Christian.Reinshol@lindas.kommune.no) | **Telefon:** +47 56 37 56 62

**Kundesenter:** +47 56 37 50 00 | **Heimeside:** [www.lindas.kommune.no](http://www.lindas.kommune.no)



---

**Fra:** Terje Eknes [<mailto:terje@eknesas.no>]

**Sendt:** mandag 3. september 2018 15.21

**Til:** Christian Hagerup Reinshol

**Kopi:** [grete@stagrums.no](mailto:grete@stagrums.no)

**Emne:** VS: Snekkeviken utvikling - reguleringsplanen - grønnfaktor

Hei

Kan du svare på mail under slik at vi får sendt forslag til regulering .

Siv.ing. Terje Eknes

97556335

---

**Fra:** Terje Eknes

**Sendt:** tirsdag 28. august 2018 15.42

**Til:** 'Christian Hagerup Reinshol' <[Christian.Reinshol@lindas.kommune.no](mailto:Christian.Reinshol@lindas.kommune.no)>

**Kopi:** [grete@stagrums.no](mailto:grete@stagrums.no)

**Emne:** Snekkeviken utvikling - reguleringsplanen - grønnfaktor

Hei

Vi er iferd med å ferdigstille et forslag til reguleringsplan som vi ønske rå sende over til deg først. Så lurer vi på om det er krav til å beregne grøn faktor i forbindelse med reguleringsplaner i Lindås kommune ?

Siv.ing. Terje Eknes  
97556335

---

**Fra:** Christian Hagerup Reinshol <[Christian.Reinshol@lindas.kommune.no](mailto:Christian.Reinshol@lindas.kommune.no)>

**Sendt:** onsdag 28. februar 2018 10.09

**Til:** Terje Eknes <[terje@eknesas.no](mailto:terje@eknesas.no)>

**Emne:** SV: Snekkeviken utvikling - presentasjon i plan - og miljø utvalget

Hei igjen Terje,

Eg fekk akkurat innkallinga til PMU på onsdag, og ser at det ikkje er satt opp noko orientering. Eg sjekka med plansjefen her, som var på utvalsleiararmøtet der sakskartet vert sett, og ho sa at ordførar hadde vore klar på at dei som politikarar ikkje ynskja å nekte nokon å fremje reguleringsplan. Ho såg difor ikkje behovet for å ha ei orientering i PMU-møtet. Konsensus i tilbakemeldinga frå utvalsleiararmøtet var at administrasjonen, som i andre framlegg til reguleringsplanar, skulle rettleie planfremjar så godt som råd, men at det til sist vert planfremjar som må vurdere evt risiko ut i frå dei moment som kjem inn i ei sak og dei råda administrasjonen gir.

No var det jo delvis på bakgrunn av dette me ville ha ei orientering med politikarane, men sidan tilbakemeldinga no vart så klar no, så tenker eg at me saman evt må vurdere moglege problemstillingar som kan dukke opp basert på dei tilbakemeldingane me har gitt og kva som har kome inn så langt. Så vil det måtte bli opp til dykk korleis de ynskjer å gå vidare til slutt.

Me har jo drøfta mange av problemstillingane allereie, men eg skal ta ein ekstra runde på det i avdelingsmøtet vårt på måndag, så kan du få ei tilbakemelding til då. Sidan me ikkje har eit ferdig planmateriale å vurdere enno, så kan det jo dukke opp fleire problemstillingar undervegs, men eg rekner med at me skal ha god kontroll på dei mest sentrale.

Eg beklagar at det vart kontramelding no i høve orientering, men det er diverre slikt som kan skje når politikarane set sakskarta for møta..

Med helsing,

**Christian Hagerup Reinshol** | Arealplanleggar

**E-post:** [Christian.Reinshol@lindas.kommune.no](mailto:Christian.Reinshol@lindas.kommune.no) | **Telefon:** +47 56 37 56 62

**Kundesenter:** +47 56 37 50 00 | **Heimeside:** [www.lindas.kommune.no](http://www.lindas.kommune.no)



---

**Fra:** Terje Eknes [<mailto:terje@eknesas.no>]

**Sendt:** mandag 26. februar 2018 15.20

**Til:** Christian Hagerup Reinshol

**Emne:** SV: Snekkeviken utvikling - presentasjon i plan - og miljø utvalget

Hei

Kan du bruke dette eller skal vi lage noe mer proft ?

Siv.ing. Terje Eknes  
97556335

---

**Fra:** Christian Hagerup Reinshol [<mailto:Christian.Reinshol@lindas.kommune.no>]  
**Sendt:** mandag 26. februar 2018 13.18  
**Til:** Terje Eknes <[terje@eknesas.no](mailto:terje@eknesas.no)>  
**Emne:** SV: Snekkeviken utvikling - presentasjon i plan - og miljø utvalget

Hei,

Ja, me har fått teke dette opp med utvalsleiar. Han gav klarsignal til orientering, så eg kjem til å ha ei orientering til dei på møtet 7. mars. Me kjem til å legge saka fram med dykkar ynskje, kva som vart sagt i oppstartsmøtet og litt informasjon knytt til uttalen frå vegvesenet. Så får me sjå kva tilbakemeldingar me får frå utvalet til dette. Det vil ikkje verte noko vedtak eller bindande føringar i samband med orienteringa, det var utvalsleiar klar på, men signal er jo ofte klare nok å ta med seg for å seie det slik.

Sakskartet for møtet kjem ut på nett i løpet av veka på heimesida, så då kan du følgje med på når evt orientering vert sett opp på dagen. Har du noko materiale som eg kan ta med i ein presentasjon her?

Med helsing,

**Christian Hagerup Reinshol** | Arealplanleggar

**E-post:** [Christian.Reinshol@lindas.kommune.no](mailto:Christian.Reinshol@lindas.kommune.no) | **Telefon:** +47 56 37 56 62  
**Kundesenter:** +47 56 37 50 00 | **Heimeside:** [www.lindas.kommune.no](http://www.lindas.kommune.no)



---

**Fra:** Terje Eknes [<mailto:terje@eknesas.no>]  
**Sendt:** mandag 26. februar 2018 13.02  
**Til:** Christian Hagerup Reinshol  
**Kopi:** [grete@stagrurn.no](mailto:grete@stagrurn.no); Bjørn Eknes  
**Emne:** SV: Snekkeviken utvikling - presentasjon i plan - og miljø utvalget

Hei

Har du fått snakket med utvalsleiaren ?

Siv.ing. Terje Eknes  
97556335

---

**Fra:** Christian Hagerup Reinshol [<mailto:Christian.Reinshol@lindas.kommune.no>]  
**Sendt:** mandag 22. januar 2018 09.10  
**Til:** Terje Eknes <[terje@eknesas.no](mailto:terje@eknesas.no)>  
**Kopi:** [grete@stagrurn.no](mailto:grete@stagrurn.no); Bjørn Eknes <[Bjorn.Eknes@bergenkp.no](mailto:Bjorn.Eknes@bergenkp.no)>  
**Emne:** SV: Snekkeviken utvikling - presentasjon i plan - og miljø utvalget

Hei,

Takk for sist ja, godt å høyre at det var eit konstruktivt møte med vegvesenet. Eg har ikkje fått snakka med Kristin som var med der enno, men rekner med å få ein rapport i løpet av dagen. Båttlaget må berre ta kontakt, så ser me kva me evt får til der.

Når det gjeld plan- og miljøutvalet, så er neste møte onsdag 7. mars. Eg skal sjå om eg får tak på utvalsleiar i løpet av veka for å drøfte med han om dette er aktuelt å få opp i utvalet som ei orientering. Eg skal gi dykk ei tilbakemelding så snart eg har fått fatt i han.

Med helsing,

**Christian Hagerup Reinshol** | Arealplanleggar

**E-post:** [Christian.Reinshol@lindas.kommune.no](mailto:Christian.Reinshol@lindas.kommune.no) | **Telefon:** +47 56 37 56 62

**Kundesenter:** +47 56 37 50 00 | **Heimeside:** [www.lindas.kommune.no](http://www.lindas.kommune.no)



---

**Fra:** Terje Eknes [<mailto:terje@eknesas.no>]

**Sendt:** mandag 22. januar 2018 07.22

**Til:** Christian Hagerup Reinshol

**Kopi:** [grete@stagrurno.no](mailto:grete@stagrurno.no); Bjørn Eknes

**Emne:** Snekkeviken utvikling - presentasjon i plan - og miljø utvalget

Hei

Takk for sist møte. Det var positivt. Vi hadde også et bra møte med vegvesenet og ikke minst båtlaget. Båtlaget kommer til å ta kontakt med deg vedr. muligheter for utvidelse. Som avtalt så ønsker vi å delta på møte med politikerne . Når skulle de ha møte ?

Siv.ing. Terje Eknes  
97556335